



# Rethningslinjer for arbeidsløyve på kommunal veg i Ålesund kommune



# Innhald

Innleiring.....	3
1. Bakgrunn og virkeområde .....	3
1.1. Kven gjeld retningslinjene for .....	3
1.2. I kva område og utstrekning gjeld retningslinjene .....	3
1.3. I kva område og utstrekning gjeld retningslinjene ikkje .....	4
2. Formål .....	4
3. Gateleige .....	4
4. Varsling og sikring av arbeid.....	4
5. Om søknaden .....	5
5.1. Forhald til andre vegmynde: .....	5
6. Krav og føringar.....	5
6.1. Generelle krav og føringar .....	5
6.2. Generelt ansvar for entreprenør / utførande .....	6
6.3. Villkår og omsyn ved planlegging av tiltak .....	6
7. Tekniske krav og løysingar .....	7
7.1. Krav til areal for mjuke trafikantar .....	7
7.2. Gangtunnel.....	10
8. Nærare om ulike arbeid .....	10
8.1. Særleg om stillas .....	10
8.2. Særleg om container .....	11
8.3. Særleg om bruk av lift og kran .....	11
8.4. Særleg om riggområder .....	12
8.5. Særleg om parkering av arbeidsbilar .....	12
8.6. Særleg om arbeid med kablar og leidningar .....	12
9. Oppfølging, kontroll og sanksjonar .....	12
9.1. Oppfølging og kontroll .....	12
9.2. Sanksjonar:.....	12

## INNLEIING

Desse retningslinjene er utarbeida med føremål om å gi tydelege krav til og føringer for korleis tidsavgrensa bygge- og anleggsarbeid på og langs offentleg communal veg og gategrunn i Ålesund kommune skal gjennomførast, slik at det er eintydig og føreseieleg for alle som skal drive med slikt arbeid. Hensikta med retningslinjene er å legge til rette for at det kan gå føre seg mellombels arbeid på det communal vegnettet, med minst mogleg risiko og ulempe for trafikantar og omgjevnader, og samtidig unngå skader på kommunen sin eigedom.

## 1. BAKGRUNN OG VIRKEOMRÅDE

Retningslinjene er utarbeida med heimel i Vegloven § 57, i eigenskap av at Ålesund kommune er vegmynde på kommunale veger i kommunen.

Veglova frå § 57 (1), (2) 1. og 2. pkt. lyder slik:

§ 57.

Det er forbode å skade offentleg veg eller å skade eller ta bort innretning som høyrer til offentleg veg.  
På eigedomsområdet til offentleg veg er det forbode utan løyve frå vegstyremakta

1. å grave, spreng, ta bort masser, hogge tre eller gjere anna inngrep,
2. å sette reklameinnretning eller anna innretning, å legge tømmer, ved, stein, torv, byggemateriale eller anna på annan stad enn der det er laga særskilt offentleg opplagsplass til slik bruk.

Ved tidsavgrensa bygge- og anleggsarbeid på og langs offentleg communal veg og gategrunn skal det etter lova ligge føre eit gyldig løyve før arbeidet startar.

Ålesund kommune har utforma desse retningslinjene for tydeleggjere og skape føreseielegheit knytt til kommunens saksbehandling av arbeidsløyve etter veglova § 57.

Retningslinjene er vedtekne den 16. november 2023 av Ålesund kommunestyre i sak 23/94.

Offentleg gategrunn er i dette dokumentet samsvarande med offentleg veg og gategrunn på kommunale vregar, samt anna offentleg trafikkareal som kommunen eig og / eller disponerer.

### 1.1. KVEN GJELD RETNINGSLINJENE FOR

Desse retningslinjene gjeld for alle som skal drive med mellombels bygge- og anleggsarbeid på, langs og over communal veg i Ålesund kommune.

### 1.2. I KVA OMRÅDE OG UTSTREKNING GJELD RETNINGSLINJENE

Retningslinjene gjeld på, langs og over offentleg communal gategrunn i heile Ålesund kommune.

Som offentleg gategrunn rekna all grunn regulert til offentlege trafikkområde, - mellom anna veg, fortau, parkeringsareal, plass mm., som vert drifta og / eller vert halde ved like av offentleg mynde, jf. veglova § 1.

Retningslinjene gjeld også for områder som er innafor sikkerheitssona til det kommunale vegnettet, eller som på annan måte påverkar funksjonen til det kommunale vegnettet.

### **1.3. I KVA OMRÅDE OG UTSTREKNING GJELD RETNINGSLINJENE IKKJE**

Retningslinjene gjeld berre for aktivitetar på, langs og over gateplan. Graving i gata vert dekka av eige regelverk.

Regelverket gjeld ikkje for offentleg veg i kommunen som er riksveg, europaveg og fylkesveg. Desse vegane er underlagt statleg og fylkeskommunal regulering. Arbeidsløyve handhevast av mynda for dei respektive vegane.

Retningslinjene gjeld ikkje for private vegar, eller anna privat areal ope for allmenn ferdsel, med mindre arbeid på desse stadane påverkar funksjon og ferdsel på den offentlege gategrunnen. Arbeid på private fortau langs offentleg veg, i avkjørslar, i kryss til private vegar eller anna arbeid langs offentleg veg vil vere regulert av desse retningslinjene.

## **2. FORMÅL**

Retningslinjene skal fremje at det under mellombelse bygge- og anleggsarbeid vert teke i vare følgjande:

- Trafikksikkerheit og framkome for alle trafikantgrupper.
- Ei forsvarleg trafikkavvikling under arbeidet.
- Framkome for uthyrkingsskøyretøy og opne rømmingsvegar.
- Rask og smidig avvikling av arbeidet, med minst mogeleg bandlagt areal.
- Hindre forsøpling og skade på offentleg gategrunn
- Unngå unødige ulemper for brukargrupper og naboar til offentleg gategrunn.

## **3. GATELEIGE**

Kommunen vil ta stilling til om det aktuelle arbeidet utløyser krav om betaling av gateleie i forbindelse med godkjenning av arbeidsløyve. Arbeidsløyve vil stadfeste tidsrom og areal for leige gjennom ulike fasar av arbeidet. Eventuell gateleige gjeld frå området vert teke i bruk til området er tilbakeført til sin opphavelege funksjon.

Ved søknad om arbeidsløyve som utløyser krav til betaling for leige av gategrunn, samtykkjer søker samstundes til avtale om gateleige og aksepterer dei føringane som er gitt i regelverket om gateleige.

Nærare føringar for gateleige er gitt i eige regelverk.

Desse retningslinjene tek føre seg tekniske krav til fritak for gateleige.

Innkrevjing av gateleige vert gjort i samband med behandling av søknad om arbeidsløyve og vidare oppfølging av pågående arbeid.

## **4. VARSLING OG SIKRING AV ARBEID**

Alt arbeid i tilknyting til offentleg veg er underlagt Handbok N301 Arbeid på og ved veg, fastlagt av Vegdirektoratet med heimel i skiltforskrifta § 35. Handbok N301 gir tekniske bestemmingar og retningslinjer for arbeidsvarsling på offentleg veg.

Kommunen handsamar og godkjenn arbeidsvarsling på kommunale vegar etter skiltforskrifta § 32 og § 33.

Forslag til arbeidsvarsling skal følgje med søknad om arbeidsløyve. Arbeidsvarsling skal fyllast ut på det skjema / format som kommunen til ei kvar tid har opplyst som gjeldande.

Innkrevjing av gebyr for sakshandsaming og oppfølging av arbeidsvarsling vert gjort i samband med behandling av søknad om arbeidsløyve og vidare oppfølging av pågående arbeid.

## 5. OM SØKNADEN

Søknaden om arbeidsløyve skal rettast til Ålesund kommune.

Kommunen sitt skjema og system etter dei rutinane som gjeld til ei kvar tid, skal nyttast ved alle søknadar. Det skal av søknaden klart og tydeleg gå fram på vedlagt situasjonsplan kva areal det vert søkt om, kva arbeid som skal gjennomførast og kva tidsrom det er snakk om. Gjeld søknaden meir enn ein funksjon, skal kart / skisse over disposisjonen av rigg / anleggsmrådet leggast ved. Kart og løysingar vedlagt søknaden gir grunnlag for utrekning og oppfølging av gateleige.

Plan for arbeidsvarsling skal følgje med søknaden, og vert normalt vurdert under eitt med søknaden om arbeidsløyve.

Vedtak om arbeidsløyve er eit enkeltvedtak, og alminneleg sakshandsamingstid etter forvaltningslova gjeld.

Klage på vedtaket om arbeidsløyve kan gjerast etter bestemmingane i forvaltningslova.

Handsaming av arbeidsvarsling er ikkje eit enkeltvedtak, og kan ikkje klagast på etter desse bestemmingane.

Før tiltaket vert sett i verk er entreprenør / utførar ansvarleg for at alle naudsynte løyve frå andre offentlege mynder også er på plass.

---

### 5.1. FORHALD TIL ANDRE VEGMYNDE:

Når arbeid også går føre seg langs eller i kryss og avkøyringar til fylkesveg, riksveg eller europaveg, skal søknadar om både arbeid og arbeidsvarsling til behandling hjå fylkeskommunen og / eller Statens vegvesen. Dette skal entreprenør / utførar syte for.

## 6. KRAV OG FØRINGAR

---

### 6.1. GENERELLE KRAV OG FØRINGAR

Det skal søkast om løyve, og det skal ligge føre eit gyldig løyve, før offentleg gategrunn vert teken i bruk til mellombelse bygge- og anleggsarbeid. Arbeid direkte knytt til strakstiltak ved skade og sikring av område skal søkjast om seinast fyrste arbeidsdag etter at tiltak er gjennomført.

I løyvet kan det setjast vilkår som er hensiktsmessige for å sikre at formålet med desse retningslinjene vert etterlevd.

Vegmynda kan sette avgrensingar for bruk av offentleg gategrunn både når det gjelder areal og tid.

Det vert ikkje gitt løyve til bruk av offentleg gategrunn der privat grunn kan dekke behovet for areal.

Det er ikkje tillate med reklame på utstyr og material som vert utplassert på offentleg gategrunn, utan særskilt løyve frå vegmynda.

Material og utstyr skal vere synleg merka med namn, adresse og telefonnummer til den som eig utstyret. Arbeidsstaden skal også vere merka med namn, adresse og telefonnummer til entreprenør / utførande.

Byggeplasskilt følger alminnelege reglar for søknadsplikt etter både veglova og plan- og bygningslova.

---

## 6.2. GENERELT ANSVAR FOR ENTREPRENØR / UTFØRANDE

Entreprenør / utførande skal stå som søker på arbeidsløye og har ansvar for at krav og føringar i desse retningslinjene og i godkjent løyve vert etterlevd.

Entreprenør / utførar har mellom anna ansvar for:

- Eventuelle skader og forsøpling som kjem som følgje av utplassering av material og utstyr, samt bruk av offentleg gategrunn.
- At driftsoppgåver som for eksempel reinhald, snørydding og strøing vert gjennomført for eiga rekning, dersom disponering av offentleg gategrunn fører til at kommunen sine rutinar ikkje kan gjennomførast som normalt.
- Å gjennomføre tiltak som hindrar at det oppstår skade på offentleg gategrunn, som for eksempel dekke, plen, tre, skilt, gatelys, sluk mv.

Entreprenør / utførande vil også stå som mottakar av faktura tilknytt arbeidsløyet, inkludert gateleige og arbeidsvarsling.

---

## 6.3. VILKÅR OG OMSYN VED PLANLEGGING AV TILTAK

Det vert ikkje gitt løyve til å plassere material og utstyr på offentleg gategrunn med fartsgrense høgare enn 50 km/t.

Det kan verte gitt løyve til å plassere material og utstyr på og ved offentleg gategrunn med fartsgrense 50 km/t eller lågare dersom trafikken er så lav at dette ikkje medfører vesentlege trafikkhindringer, og det elles ikkje er spesielle faremoment.

Material og utstyr skal ikkje plasserast slik at oversikta for trafikken vert hindra eller at det forstyrrar sikker trafikkavvikling.

Av omsyn til blinde / svaksynte og andre mjuke trafikantar skal material og utstyr ikkje settast på fortau, i gågater eller på gang- og sykkelvegar. Dersom forholda på staden fører til at material og utstyr likevel må plasserast på slike stadar, skal reglane om frie ferdselsbaner gitt under punkt 7.1 følgast.

Gjerde skal brukast for sikre arbeidsområdet og / eller material og utstyr.

Material og utstyr som stikk ut i ferdselsbaner / køyrebaner, særleg hjørne og kantar, skal sikrast med skjerming og merking. Skjerminga skal også ta høgde for syklistar og større køyretøy. Merking skal gjerast med reflekterande materiale med fargar og utforming tilsvarande skilt 906 hindermarkering i raud og fluoriserande gult.

Mellombelse ledelinjer, som også sikrar blinde og svaksynte, skal etablerast forbi arbeidsstaden.

Andre omsyn som skal takast inn i planlegging av arbeidet, og innarbeidast i situasjonsplan og varslingsplan:

- Har vegen tilstrekkeleg bruksklasse til det arbeidet som vert planlagt?
- Vil tiltaket føre til sperring, vesentleg innsnevring eller trafikkhindring i viktige trafikkårer?
- Vil tiltaket hindre sikt og oversiktelegheit ved kryss, avkjøyringar eller fotgjengarovergang / kryssingspunkt for mjuke trafikantar?
- Vil tiltaket hindre tilkomst til bygg og andre bruksareal?
- Vil passasje i / fra rømmingsveg verte stengt eller hindra?
- Vil det vere tilkomst for utrykkingskøyretøy?
- Er kravet om minimum 3 meter fri bredde på vegen oppfylt?

- Vil tiltaket hindre tilkomst / utsyn til kumlokk med brannventilar / stoppeventilar eller hydrantar?
- Vil tiltaket hindre renovasjon, snøbrøyting eller strøing?
- Vil tiltaket kome i konflikt med eksisterande skilting eller anna pågående arbeid?
- Vil tiltaket kome i konflikt med eksisterande parkering?
- Vil tiltaket stenge eller hindre tilkomst til HC-parkering og laste-soner, og er eventuelt erstatningsplassar lagt inn i planen?
- Vil tiltaket hindre tilkomst til og bruk av busslommer?

## 7. TEKNISKE KRAV OG LØYSINGAR

### 7.1. KRAV TIL AREAL FOR MJUKE TRAFIKANTAR


På areal tilrettelagt primært for ferdsel for mjuke trafikantar, som til dømes fortau, gågater, torg, sykkelvegar og gang- og sykkelvegar skal minstebredder utan hinder for passering vere oppfylt. Om kravet ikkje vert dekka naturleg på staden, må tiltak settast i verk. Skiltstolpar, gatelys, brannhydrantar og liknande hinder kan ikkje vere innanfor minimumsbreda.

Passeringsbredder ved tiltak på fortau i opptil 15 m lengde er minimum 1,4 m. Strekningar lenger enn 15 m skal ha minimumsbredde på 1,8 m. Ved passering under stillas kan likevel bredde på 1,4 m aksepterast dersom det vert etablert møteplass minimum for kvar tolvte meter.


Torg, gågater og gang- og sykkelvegar skal ha minimum passeringsbredde på 2,0 m.

Sykkelvegar skal oppretthalde opphaveleg bredde forbi tiltaket.


Stenging av areal for mjuke trafikantar kan ikkje skje lenger enn 2 veker, og inntil 4 veker i bustadgater utan gjennomgangstrafikk. Om arbeidet skal vare lenger må tiltak settast i verk for å etablere minste passeringsbredde frå oppstart av arbeidet.




Figur 1 – Eksempel på innsnevring av fortau opp til 15 meter




Figur 2 – Eksempel på innsnevring av fortau over 15 meter




Figur 3 – Eksempel på innsnevring av fortau opp til 15 meter med innretningar på fortau




Figur 4 – Eksempel på innsnevring av gang- og sykkelveg



Figur 5 – Eksempel på bruk av gangtunell opp til 12 meter



Figur 6 – Eksempel på bruk av gangtunell ved fotgjengarovergang



Figur 7 – Eksempel på bruk av gangtunell over 12 meter med møteplass

## 7.2. GANTUNNEL

Gantunnelar kan brukast når kravet til minste passingsbredde for mjuke trafikantar ikkje kan oppretthaldast, eller der mjuke trafikantar skal sikrast frå arbeid som går føre seg.

Gantunellen skal minimum vere 1,8 m brei. Ved stillas kan likevel tunnelbredde på 1,4 m aksepterast dersom det vert etablert møteplass minimum for kvar tolvte meter.


Gantunnelar over 6 m skal være lyssett innvendig.

Reinhald, snørydding og strøing i tilknyting til gantunnelar er entreprenør / utførar sitt ansvar.

Gantunellen skal videre være utstyrt med refleksplata skal minimum være 50 cm høy og 10 cm bred, med skråstripene peikande ned mot den sida trafikken skal passere. Reflekskvaliteten skal være refleksklasse 3 tilsvarende skilt 906 hindermarkering.

Høgdedifferansen mellom gantunnelen og vegdekke skal jamnast ut med ein rampekonstruksjon. Helling på rampa skal ikkje vere større enn 1:12.

Gantunneler skal ha sklisikker botn og rampe, og det skal ikkje være avstand mellom gantunnel og rampe.



Figur 8 - Illustrasjon over rampe til gangtunnel (Illustrasjon: Bergen kommune)

## 8. NÆRARRE OM ULIKE ARBEID

### 8.1. SÆRLEG OM STILLAS

Ved montering av stillas på areal der mjuke trafikkantar ferdast skal alle hjørne og kantar som stikk ut sikrast med skjerming og merking. Skjerminga skal også ta høgde for syklistar. Merking skal gjerast med refleksplata i refleksklasse 3 med fargar og utforming tilsvarende skilt 906 hindermarkering i raud og fluoriserande gult.

Det skal ikkje vere utstikkande deler inn i passingsareal eller fare for nedfall frå stillaset.

Mellombelse ledelinjer, som også sikrar blinde og svaksynte, skal etablerast forbi arbeidsstaden.

Stillas skal vere sett opp etter *Forskrift om utførelse av arbeid kap. 17 Arbeid i høyden*, og etter *Produsentforskiften kap. 4 Stillaser og stiger*, eventuelt etter anna gjeldande regelverk som utfyller og / eller erstattar desse.

## 8.2. SÆRLEG OM CONTAINER

Containeren skal vere av stål eller anna materiale som ikkje er brennbart.

Innanfor den verneverdige tette trehusbusetnaden i kommunen skal conteinar også ha lokk som kan stengast og låsast når containeren ikkje er i kontinuerleg bruk. Dette kravet kan også settast ved andre spesielle høve.

Ved planlegging av plassering av container må det takast omsyn til at sikker og effektiv levering og henting kan gjennomførast. En bil treng om lag 10 m for å sette frå seg ein container.

Containerar skal videre være utstyrt med refleksplata skal minimum være 50 cm høy og 10 cm bred, med skråstripene peikande ned mot den sida trafikken skal passere, jf. illustrasjon under. Reflekskvaliteten skal være refleksklasse 3 tilsvarande skilt 906 hindermarkering.



Figur 9 - Illustrasjon av container med refleks og informasjon

Om det er naudsynt med direkte utkast til container frå etasjar over, skal dette skje gjennom rør eller likande som er solid opphengt og understøtta.

Bruk av container skal generelt ikkje føre med seg støvplager.

Container skal fjernast når den er fylt opp eller når den ikkje er i dagleg bruk.

Ved gateleige vert areal for container berekna til minimum 10 m<sup>2</sup>.

## 8.3. SÆRLEG OM BRUK AV LIFT OG KRAN

Bruk av lift, kran og anna arbeid i høgda skal varslast og sikrast etter reglane i Handbok N301. Søknad om løyve og arbeidsområdet må gjenspegle faktisk areal som går med under slike arbeid, inklusiv ev. avsperring av fortau og parkeringsplassar, samt tidsbruk.

Tiltak for å sikre at labbar og støttearmar ikkje skadar den offentlege gategrunnen skal setjast i verk.

Arbeid med lift og kran skal utførast etter *Forskrift om utførelse av arbeid kap. 17, 18 og 19*, og eventuelt etter anna gjeldande regelverk som utfyller og / eller erstattar desse.

---

#### 8.4. SÆRLEG OM RIGGOMRÅDER

Riggområder skal vere så kompakte og plasseffektive som mogleg. Korleis prosessar innanfor riggområdet skal gå føre seg skal gå fram av kart som er vedlagt søknaden om løyve.

Om det er kran på riggområdet må det undersøkjast at gategrunnen har tilstrekkeleg bereevne til å tote kran og transport.

---

#### 8.5. SÆRLEG OM PARKERING AV ARBEIDSBILAR

Dersom det er behov for arbeidsbilar i tilknyting til arbeidsstaden, for å lesse av og på, samt ha tilgang til maskiner og utstyr, kan eit rimeleg antal av desse giast løyve til innanfor arbeidsområdet.

Anna parkering til dei som arbeider på staden vil det ikkje vert gitt løyve til.

---

#### 8.6. SÆRLEG OM ARBEID MED KABLAR OG LEIDNINGAR

Alt arbeid med leidningar og kablar som ikkje er ein del av eit pågåande gravearbeid skal søkast om etter desse retningslinjene.

### 9. OPPFØLGING, KONTROLL OG SANKSJONAR

---

#### 9.1. OPPFØLGING OG KONTROLL

Kommunen skal gjennomføre kontroll og oppfølging av arbeidsløyve, samt andre løyve, vedtak og avtalar i tilknyting til arbeidsløyvet.

Kontroll og oppfølging vil verte fakturert etter gjeldande satsar i kommunen sitt betalingsregulativ. Det vil vere opp til kommunen når kontroll og oppfølging av tiltak vert iverksett.

---

#### 9.2. SANKSJONAR:

Avvik og brot på avtale om gateleige eller vedtak om arbeidsvarsling vil følgje dei respektive regelverka sine sanksjonar.

For avvik og brot på arbeidsløyve vil reglane under veglova § 58, 59, 60 og 61 gjelde.

Material og utstyr som er plasserte på offentleg veggrunn utan løyve kan fjernast for den ansvarlege eller eigars rekning utan varsel, jf. veglova § 58.

Er den ansvarlege eller eigar av material eller utstyret kjent, vil det bli gitt eitt varsel om fjerning utan opphold. Slik varsel vil ikkje verte gitt om material eller utstyr er plassert slik at det er til direkte fare for trafikantar eller påfører vegen skader.

Er omfanget av material og utstyr slik at det ikkje let seg gjere å fjerne med ein gong, vil kostnader for skilting og sikring bli lagt til den ansvarlege eller eigar sin kostnad.

Kostnadar for skader på vegrunnen som følgje av tiltaket vil verte lagt til den ansvarlege eller eigar av material og utsyr.

Ved gjentakande eller alvorlege brot på retningslinjene vil kommunen melde forhaldet til politiet, jf. veglova § 61.